



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Toril M. Mullen, 55 57 21 60

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2006/00797 53
Mottatt:	18.05.2007 MP SMF
Saksbehandler:	66
Vår dato:	14.12.2006
Dykkar dato:	18.05.2006

Vår referanse
2006/7718
Dykkar referanse
200600797

Det kongelige Landbruks og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

- A) Rapport for tiltak og bruken av midlar i prosjektet Grønt i skulen - skuleåret 2006/2007
- B) Søknad om midlar til vidareføring av prosjektet Grønt i skulen - skuleåret 2007/2008

A) Rapport for tiltak og bruken av midlar i prosjektet Grønt i skulen - skuleåret 2006/2007

Vi viser til dykkar løyvingsbrev dagsett 18.05.2006 der dykk ber om rapport for resultater frå prosjektet Grønt i skulen 15.12.2006. Vi viser også til vårt brev dagsett 20.10.2006 sendt til dykk der vi ber om utsett frist til 20.08.2007 for endeleg rapport for prosjektet Grønt i skulen for skuleåret 2006/2007. Vi har ikkje fått svar på dette spørsmålet. Vi gjev dykk difor herved ein mellombels rapport for ståa i prosjektet til no og så ynskjer vi å komme med endeleg rapport for prosjektet 20.08.2007 når vi har fått gjennomført heile prosjektåret. Vi grunngjev vår anmodning med at prosjektet følgjer skuleåret og årshjulet på ein gard. Det er planlagt mange spennande aktivitetar gjennom heile skuleåret som vi også ynskjer å gje dykk tilbakemelding om.

I prosjektfase del I skuleåret 2005/2006 var det sytten skular som deltok i prosjektet Grønt i skulen. Alle skulane som ynskte å deltake i prosjektfase del II måtte søke om det og alle måtte deltake med eigendel dersom dei skulle verte vurderte for å få deltake i prosjektfase del II skuleåret 2006/2007. Skuleåret 2006/2007 er det 9 skular som deltek i prosjektet Grønt i skulen.

Skulane som deltek er både by- og bygdeskular. Vi ynskte å vise at også bygdeelevar frå tradisjonelle landbrukskommunar kunne finne lærdom frå gardsdrift og sjå verdien av lokal matproduksjon ved å deltake i eit samarbeidsprosjekt mellom gard og skule. Det er fem av skulane som deltek i prosjektet som er lokaliserte i tradisjonelle landbrukskommunar. Dei andre fire skulane som deltek i prosjektet er lokaliserte i Bergen kommune med elevar busett i urbane strok. Rektor på Hamre skule i Osterøy kommune som er ein tradisjonell landbrukskommune poengterar sterkt at det er viktig også for deira elevar å deltake i dette prosjektet. Det er ikkje opplagt at elevane deltek i innlemminga i handlingsboren kunnskapsoverføring sjølv om dei har bønder som naboar. Dei fleste elevane også på bygda veks opp i byggefelt utan jamnleg omgang med dyr og matproduksjon.

Kvar av skulane som deltek i prosjektet har sine egne prosjektplanar. Dei tek utgangspunkt i ressursane på samarbeidsgarden sin. Bonden er i alle prosjektplanane ein sentral person i gjennomføringa av aktivitetane i prosjektet. Dei fleste skulane er svært flinke til å knyte aktivitetane på garden i hop med aktivitetane på skulen. Dei fleste gardane har åker eller har slakta lam. Dei har då vidareforedla råvarene anten på garden eller på skulekjøkenet.

Prosjektleiar hos fylkesmannen vart invitert med og deltok på Skodvin skule ei kveldsøkt der fokus var god mat og hygge mellom foreldre, elevar, lærarar og bonde. Elevane hadde baka foccacia i skuletida på skulekjøkenet og bonden hadde med seg fisk frå sjøen og eit ferskvatn som ein eldre herre i bygda hadde hausta same morgonen. Elevane hadde vore i åkeren på samarbeidsgarden sin og plukka inn persille, gulrot, raudlauk, jordskock og graskar. Elevane har vore med å dyrke fram råvarene sjølve med såing av frø og ugrasluking. Det var veldig hyggeleg å sjå samarbeidet mellom vaksne og elevar som lagde nydelege fiskekaker, ovnsbakt ørret, graskarsuppe, rømmedipp, salat og jordskock stekt og salta som chips. Elevane formidla til foreldra sine kva dei har gjort i prosjektet ved at dei fortalde til lysbileta som vart vist frå skuledagane på garden gjennom året. Her fekk elevane deltake i heile tilverksprosessen og bonden var aktivt med og forklarte korleis ein kan lage egne smakfulle alternativ til ferdigkjøpt og importert mat. Bonden tok også opp temaet kortreist mat på ein enkel og forståeleg måte.

Andre aktivitetar som Matre skule har gjort er at elevane har følgd lammeflokken frå samarbeidsgarden sin og til slaktehuset. Dei har også vore på gardsbesøk til Magnhild Dyrdal som i ei årrekkje har laga innmatpølser av sau og geit frå sin eigen gard. Magnhild sine pølser er kjende i heile Nordhordland. Dette har dei valgt å gjere for å vise samanhengen mellom dyra i fjøset/på beite og fram til det vert mat av dyra.

Vi finn at skulane og bøndene er svært engasjerte, samarbeider godt og får gjort svært mykje innanfor dei gjevne rāmene. Vi har fått mange positive tilbakemeldingar både frå lærarar, bøndene og foreldra til elevane som deltek i prosjektet Grønt i skulen.

Vi har gjennomført eit todagars kurs i samarbeid med Innovasjon Noreg for gardbrukarar som ynskjer å starta med tenesteproduksjon og for tilbydarar som vil vidareutvikle produktet sitt. Det var 34 bønder som deltok på kurset avhelde 28.10 og 18.11.

Tema på kurset var:

- ressurskartlegging
- produktutvikling
- marknadsvurdering
- prissetting
- sal/forhandling

Fakturaen som viser kva for midlar vi har brukt vert sendt til Statens landbruksforvaltning jamfør dykkar brev dagsett 18.05.2006.

Vi legg ved DVD frå prosjektet Grønt i skulen frå Loddefjord skole (Bergen kommune) som har samarbeid med bonde Birte Larsen.

B) Søknad om midlar til vidareføring av prosjektet Grønt i skulen - skuleåret 2007/2008


Vi søker herved om kr 200 000 til vidareføring og utvikling av prosjektet Grønt i skulen for skuleåret 2007/2008. Det er sett igong gode tiltak og gode prosessar på alle skulane som deltek i prosjektet Grønt i skulen. Vi ynskjer å reindyrke konseptet med næringsutvikling i samarbeidet mellom gard og skule.

Vi ynskjer også å bruke dette prosjektet som ein pådrivar for å spreie kunnskapen om økologisk lokalprodusert mat. Vi har fått invitasjon frå Bioforsk Vest, avdeling Ullensvang om at dei gjerne tek imot skuleklassar som deltek i prosjektet Grønt i skulen til forskingsstasjonen. Der kan elevane mellom anna være "forskarar" på laboratoriet, lære om korleis ein samarbeider med naturen og brukar insekt i økologisk plantevern i frukthagar.

Budsjett og finansiering

Budsjett		Finansieringsplan	
Art:	NOK	Kjelde:	NOK
Bedriftsutviklingskurs bønder	30 000	Tilskot LMDep	220 000
Tilskot til 15 skular a 5 000	75 000	BU midlar FMLA H	300 000
Tilskot til 15 bønder a 20 000	300 000	Innovasjon Noreg etablkurs	30 000
Konferanse	85 000		
Informasjons/formidlingstiltak	50 000		
styringsgruppegodtgjerdsle	10 000		
SUM	550 000	SUM	550 000

Med helsing


Bernt K. Rystad e.f.
Leiar plan og landskap


Toril M. Mullen
fylkesagronom

Vedlegg: DVD frå Loddefjord skole om prosjektet Grønt i skulen